



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd
25. november 2021

Tilstades:

Toril Lange, Torunn Styve, Annbjørg Norevik Kristensen, Terje Båtnes

Ord til opning Frans av Assisis bøn.

Godkjenning av innkalling, referat frå 21. oktober og sakliste utan merknad

Meldingssaker:

28/21: Sidan sist.

Evaluering av gudstenestene og samlingar.

31. okt: Helgemesse – 35 stk tilstades. Konfirmantar oppmoda om å møte, fleire hadde foreldre med.

14. nov: Gudsteneste med dåp

4. nov: felles soknerådsmøte på Alværa vedr. Ny kyrkjeleg organisering.

22. okt og 19.nov: Fredagskveld på Alværa for 5.klasse og oppover; ca 10 stk, kjekke kveldar. Taco, leik, Samlinsstung, quiz...

T-dag: 27. okt avlyst, - Juleverkstad: 20. nov

29/21: Spørsmål til Alværa om kontor/lager. Dette er uaktuelt frå Alværastyret si side; ikkje eigna stad for kontor så langt frå Lavik – og ikkje plaskapasitet for lager.

30/21: Alværa og minigolf Det er teke initiativ frå kyrkjelydsmedlemmer til opprusting av minigolfbana på Alværa, som vil koste oppimot 25 000 kr i tillegg til dugnad. Vi diskuterte alternative finansieringar – Soknerådet kan vere med til ein viss grad, og kan stå bak søknad til div organisasjonar om midlar – td kommunen/folkehelseperspektiv, Lavik næringsråd, tippemidlar...Vi kjem tilbake til denne saka seinare.

Vedtaksaker:

Sak 31/21: Gudstenesteplanen for 2022. Sidan vi var svært få tilstades sette vi ikkje opp plan lengre enn til 16.januar.

Vedtak: Plan for gudst.tom 16.januar er lagd.

Sak 32/21: Aktivitetar vinteren 2022 Vi vil prøve til att med «Mat og prat», Toril spør 1)Audun Systad eller 2) Geir Sørebo om å delta 27.januar eller 3.februar.

Årsmøte i løpet av siste to veker i mars, truleg 31.mars

Vedtak: Kjem tilbake til endelege datoar

Sak 33/21: Framtida til Lavik kyrkjekontor.

Vedtak:

Lavik sokneråd går inn for at det skal vere eit kyrkjekontor i Lavik. For tida finst det ikkje andre eigna lokale enn kontoret på Gamleskulen.

Lavik sokneråd meiner at nokre av kostnadane, t.d. porto, lisens, kopiering, vil bli som meirkostnad for Høyanger kyrkjekontor ved nedlegging av Lavik kyrkjekontor.

Lavik sokneråd seier opp leigeavtalen om Balubarommet, og lar husleiga på Balubarommet vere ein del av soknerådet sitt bidrag på kr 15.000 i året for framleis ha kontoret.

Lavik sokneråd tar ansvar for at kontoret vert vaska på dugnad.

Vurdering etter 2 år.

Sak 34/21: Høyring om ny kyrkjeleg organisering.

Vedtak: Lavik sokneråd går ikkje inn for modellen med Prostfellesråd. Vi stiller oss bak fråsegna frå Kyrkjebø sokneråd.

Sak 35/21: Val av soknerådsleiar og nestleiar.

Leiar og nestleiar skal veljast kvart år innan 31. desember. Pga stort forfall av faste medlemmer måtte vi utsetje valet til neste møte

Vedtak: Valet vert utsett til neste møte

Sak 35/21: Møteplan for vinter/vår 2022

Vedtak: Dato kjem når plan for diverse aktivitetar etter nyttår er fastsett

Lavik 01.12.2021

Torunn Styve, ref.